

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 27.04.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Gina Beate Holsen  
**SAKA GJELD:** **Topp 5 risiko - Vald og truslar mot medarbeidarar**

**ARKIVSAK:** 2022/1104  
**STYRESAK:** **071/23**

**STYREMØTE:** **14.06. 2023**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar saka til etterretning.
2. Styret understrekar viktigheita av arbeidet som er gjort, og oppfølginga som nå skal skje i både Helse Vest RHF og HF-a.
3. Styret ber om at rapporten også blir behandla i den enkelte HF-styret, og ber styra følgje opp at tiltaka blir sette i verk.

## Oppsummering

Det er gjennomført eit felles regionalt prosjekt Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar. Prosjektet har som del av dette arbeidet etablert eit nytt felles kunnskapsgrunnlag. Det er mellom anna understreka at det skal vere nulltoleranse for vald eller truslar mot medarbeidarar.

Prosjektet har identifisert 14 tiltaksområder som kan bidra til å redusere vald og truslar mot medarbeidarar. Rapporten føreslår ein rekkje forbetringstiltak. Dei fleste tiltaka kan gjennomførast i føretaksgruppa Helse Vest. Eit av tiltaka føreset endring av regulatoriske rammer. Dette er ein prosess som vil innebere dialog med HOD og eventuelt andre myndigheiter. Helse Vest vil ta initiativ mot dei aktuelle myndigheitene for dialog og forslag til endringar.

Prosjektet har gitt læring og erfaringsoverføring mellom helseføretaka og har lagt eit godt grunnlag for felles samarbeid og gjennomføring av tiltak.

Som ein del av arbeidet er det laga ein ny rapport med data frå Synergi med hovudvekt på vald og truslar mot medarbeidarar. Hensikten er at medarbeidarar, leiarar, tillitsvalde og vernetenesta skal ha eit felles grunnlag for lokale forbetningsprosessar.

## Fakta

Styret i Helse Vest ga i styremøtet 23. november 2020 sin tilslutning til fem områder for risikostyring som skal ha eit spesielt fokus dei neste 2-3 åra. Desse er felles og relevante for Helse Vest RHF, helseføretaka og Helse Vest IKT. Vald og truslar mot medarbeidarar er eitt område som vurderast å ha høg risiko. Det kan påverke kvalitet, pasientsikkerheit, arbeidsmiljø og moglegheita for å behalde medarbeidarar.

Helse Vest RHF har tatt initiativ til eit regionalt prosjekt, leia av Helse Vest RHF, med deltaking frå helseføretaka og Haraldsplass Diakonale Sykehus.

## Konklusjon

Felles regional rapport Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar, blir lagt fram for styret i Helse Vest i tråd med føresetnadane for å følgje opp Topp 5 risiko.

Vedlegg:

- 1 Felles regional rapport\_Topp 5 risiko - vold og trusler mot medarbeidere